



Bjarte Alvær
Kyrkjevegen 18 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7105 - 19/38782

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2019

Avvist klage på vedtak om mellombels bruksløyve for krav om påkobling offentlig avløp for bustad - gbnr 137/687 Alver

Lindås kommune viser til klage datert 17.11.2014 på vedtak om mellombels bruksløyve for krav om påkobling offentlig avløp for bustad, datert 24.10.2014, samt e-post av 08.11.2019 som følgjer opp klagen frå 17.11.2014.

Historikk – vilkår om påkobling offentlig avløpsnett

Det var søkt om utsleppsløyve for bustad i sak 137/004 mottatt 22.09.2003:

Kva type avløpsanlegg vert det søkt om (t d slamavskiljar med utslepp til sjø, til sandfiltergrøft, privat fellesanlegg, minireinseanlegg):

SLAMAVSKILJAR TIL SJØ. KOBLE SEG PÅ EKSIISTERENDE AVLØPS SLØVGE.

Spesielle årsaker

Dersom det er spesielle årsaker til at eigedomen/bygning(ane) ikkje kan knytast til offentlig avløpsanlegg må dette grunngjevast:

SIKAL DET OFFENTLIGE BRUKTES MÅ PUMPES TIL AVLØPSANLEGG. DET ER I DAG LAGT NED KOM N/SLØVGE TIL KENNETH ALVÆR'S UTSLEPP TIL SJØ.

Det vart gjeve rammeløyve på vilkår for oppføring av bustad i vedtak datert 13.08.2004 i sak 323/04:



Vedtak:

Søknaden om rammeløyve etter plan- og bygningslova § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Byggjet skal plasserast med o k golv lågaste nivå, på kote + **12.70**.
Kontroll av plassering i h t situasjonsplan dagsett 11.05.04, motteken 03.08.04 og høgd skal dokumenterast av kontrollansvarleg før murerarbeida vert sett i gong (pbl § 70 nr.1).
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett.
I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad og melding om utføring sendast til teknisk etat på særskilt skjema vedlagt turvande planer.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Det vart gjeve igangsettingsløyve på vilkår i vedtak datert 22.12.2004 med saknr 548/04:

Vedtak:

Søknaden om igangsettingsløyve etter plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a nr 2, vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Vilkåra sett i rammeløyve står framleis ved lag.

Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg for avløp frå privat slamavskiljar vart ikkje godkjent i skriv av 20.01.2005:

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Avløp frå privat slamavskiljar er ikkje godkjent. Eigedomen skal knytast til kommunal vann- og avløpsledning, jfr. Vedtak i byggjesak 323/04 av 13.08.04.

Det må sendast inn ny situasjonsplan.

Tilleggsdokumentasjon frå dykk vart gjeve i skriv, datert 26.01.2005. Det vart avholdt møte på rådhuset i saka, der det vart vist til VA sitt brev, datert 20.01.2005. Det vart gjeve vedtak om godkjenning av etablert privat avløpsanlegg inntil 01.01.2008 i skriv av 31.01.2005:

Avdelingssjefen viser til møte på rådhuset, til våre vedtak i saka og til VA sitt brev dagsett 20.01. d å, der De vert beden om å knyte eigedomen Dykkar til offentleg leidningsnett både for avløp og vatn.

Etter avtale godkjenner Lindås kommune at allereie etablert avløpsanlegg kan nyttast til 01.01.2008. Etter denne dato skal eigedomen vera knytt til offentleg anlegg.

I varsel om pålegg om tilknytning til offentleg kloakkanlegg og opphøyr av bruk av oppført bustad, datert 24.07.2012, vart det gjeve frist innan 15.09.2012 å søkje tilknytning til offentleg kloakkanlegg samt søknad om ferdigattest:

På grunnlag av vårt brev av 31.01.2005 og manglende bruksløyve/ferdigattest for oppført bustad, vert det ved dette brevet varsla om at kommunen vurderar å gje pålegg om 2 forskjellige forhold på eigedomen. Dette er:

- a) pålegg om tilknytning til offentleg kloakkanlegg og innsending av naudsynte søknader og dokumenter knytt til dette
- b) pålegg om innstilling av bruk alternativt innsending av bruksløyve/ferdigattest for oppført bustad

Det vart sendt inn søknad/ferdigmelding mottatt 15.08.2012. Mellombels bruksløyve vart gjeve i vedtak, datert 24.10.2014, der det vart vist til rammeløyve gjeve 13.08.2004 (i mellombels bruksløyve står det vedtak av 13.05.2008, men dette beror på ein inklurie):

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gnr. 137, bnr. 687 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket må vera tilkopla offentleg kloakk før kommunen kan gje ferdigattest.

2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.10.2016. Det er tilstrekkeleg at søknad om ferdigattest er motteken av kommunen innan 31.10.2016.

I e-post datert 17.11.2014 med emne «Klage på mellombels bruksløyve» for krav om påkopling offentleg avløp for bustad, så ønskjer tiltakshavar eit møte for å avklare løysning for påkopling offentleg avløpsnett frå VA avdelinga:

Viser til brev ref 04/1243-16 der etter avtale Lindås kommune godkjenner etablert avløps anlegg, Kan nyttast til 01.01.08

Mitt etablerte annleg er sammenkobla med godkjent annleg på Gbn 137/7Rettelse :Gbn 137/4 er rett og 137/7 er feil..

Dersom dette ikke kan nyttast og kobles opp mot offentlig Kloakk så må dette eventuelt skje i samarbeid med utbygging på "Garveri tomta" Gbn 138/? som grenser til mi tomt.

Eg meiner dette også er nevnt i et krav til utbygger av Garveri tomta.

Eg ber om et avklarande møte med saksbehandler Teknisk etatat vann og avløp avd. samt ansvars havande rørlegger T.Stendal

Det er i saka ikkje vist til ytterligere korrespondanse med kommunen om gjennomføring av påkopling til offentleg avløp før e-post av 08.11.2019 om oppfølging av klage på mellombels bruksløyve av 17.11.2014.

Bustaden har ikkje mellombels bruksløyve/ferdigattest pr. dags dato.

Samtlige vedlegg er lagt ved dette skriv.

Vurdering av klage

Generelt sett, så er det rammeløvet som legg føringar for om igangsettingsløyve kan gis for så å gi mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Klagen på mellombels bruksløyve av 24.10.2014 rettar seg mot vilkår om påkopling til offentleg leidningsnett gjeve i rammeløyve av 13.08.2004.

Lovgrunnlag

I forvaltningslova (fvl.) §2 første ledd bokstav b) er eit enkeltvedtak eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer».

Vedtaket om rammeløyve på vilkår for oppføring av bustad i vedtak datert 13.08.2004 i sak 323/04 er eit enkeltvedtak.

Etter fvl. §28 er det ein part eller annan med rettsleg klageinteresse som har klagerett. Part er ein som vedtaket rettar seg mot eller direkte gjeld, jf. fvl §2 første ledd bokstav e.

Som tiltakshavar i saka har du rettsleg klageinteresse i saka.

Oversitta klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Kommune legg til grunn at tiltakshavar har den 17.11.2014 klaga på vilkår om påkopling til offentleg avløp i mellombels bruksløyve av 24.10.2014. Klagar følgjer opp sin klage på mellombels bruksløyve i e-post av 08.11.2019 og krevjar å få utstedt ferdigattest for oppføring av bustad ved å nytte privat avlaupsanlegg. Klager viser her til han kan nytte sitt private avlaupsanlegg tom. 01.01.2008.

Kommunen legg til grunn at mellombels bruksløyve av 24.10.2014 følgjer opp vilkår gjeve i rammeløyve , datert 13.08.2004. Dette betyr at klagen på mellombels bruksløyve, datert 17.11.2014, viser til vilkår som vart fatta den 13.08.2004, dvs. for 10 år sidan. Klagefristen er overskriden. Klagen er ikkje mottatt innan fristen for klage på rammeløyve som var tre veker fom. 13.08.2004 tom. 13.11.2004.

Oppreisning

Det følgjer av fvl § 31 at *«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

a) parten eller hans fullmektig3 ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd. «

Det er eit absolutt vilkår for at oppreisning skal gis at vilkår i rammeløyvet vert påklaga innan eitt år etter at vedtaket fart fatta. Dersom klagen er sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd. Då klagen er satt fram meir enn eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast jf. fvl § 31 3.ledd. Klagen på mellombels bruksløyve, datert 17.11.2014, er sett fram 10 år for seint i høve rammeløyve av 13.08.2004.

På bakgrunn av saks lange sakshistorikk, så ønskjer kommunen å gjere greie for om oppreisning kan gis.

Om oppreisning (klagen tas til handsaming) skal gis, så er dette basert på ein konkret heilskapleg vurdering. Etter forarbeida til fvl. § 31, så kan det vere særleg grunn til oppreisning dersom det vert klaga på rettsanvendinga av vedtaket.

Rettsanvendinga av vedtaket baserer seg på vilkår om påkopling til offentlig avløp i rammeløyvet gjeve den 13.08.2004.

Vedlagte sakshistorikk viser at kommunen har opprettheldt sitt krav om påkopling i rammeløyvet. Kravet om påkopling for tiltakshavar har vore og er kjent for tiltakshavar fom. 13.08.2004 til dags dato. Vilkåret om påkopling til offentlig avløp felle ikkje bort på grunn av manglande tilbakemelding frå kommunen si side om handsaming av klage eller handsaming av førespurnad frå tiltakshavar om løysning for påkopling til offentlig avløpsnett. I tillegg viser klager i sin klage av 17.11.2014 at han er kjent med at mellombels bruksløyve gikk ut den 01.01.2008. Dette er ein periode på over 6 år utan mellombels bruksløyve/ferdigattest. Frå 01.01.2008 fram til dags dato er det 11 år utan vilkår for mellombels bruksløyve/ferdigattest for bustad er stetta.

Tiltakshavar har spurt kommunen om løysningar for påkopling til offentlig avløpsnett i sin klage, datert 17.11.2014. Det er tiltakshavar som har ansvaret for å finne løysningar for påkopling offentlig avløpsnett og følgje rette instansar for å stetta vilkåret for påkopling i rammeløyvet av 13.08.2004 vert stetta.

Kommunen har likefult fått stadfesta frå VA avdelinga kva som vert løysning for påkopling offentlig avløpsnett, sjå e-post frå Va avdelinga, datert 13.09.2019:

Reknar med at han må etablere pumpeledning opp til den kommunale avløpsleidingen som ligg i vegen.

Klaga vert ikkje høyrte med sin klage på vilkår om påkopling til offentlig leidningsnett gjeve i rammeløyve av 13.08.2004.

Det gis på denne bakgrunn ikkje oppreisning for oversitta klagefrist.

I fvl §33 2.ledd står det at «*Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.*»

VEDTAK

Klaga vert avvist med heimel i fvl. § 33 annet ledd, jf. fvl. §§ 31 og 29.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

